

Arkiv: FE-033
JournalpostID: <jplD> 20/10580
Saksbehandlar:
Dato: 26.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
013/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	09.03.2020
010/20	Eldreråd	09.03.2020

Val av medlem til "Trivselskomiteen" i Meland helselag

Vedlegg i saken:

02.03.2020 Trivselsmidlar Meland helselag datert 20.01.20 (L)(43939) 1358230
26.02.2020 Meland eldreråd vedtak sak 37 2019 datert 19.09.19 1355700

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vel følgjande representantar til «Trivselskomiteen» v/Meland helselag for perioden 2020-2023:

Medlem v/Eldreråd:

Medlem v/Eldreråd:

Medlem v/RMNF:

Medlem v/RMNF:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.03.2020:

Behandling:

Fellesframlegg: Anne Marie Skurtveit og Reidun Grønhaug med Tore Eugen Hansen som varamedlem, vert representantar frå RMNF til Trivselskomiteen i Meland helselag. Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 013/20 Vedtak:

Anne Marie Skurtveit og Reidun Grønhaug med Tore Eugen Hansen som varamedlem, vert representantar frå RMNF til Trivselskomiteen i Meland helselag.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Bakgrunn

Viser til skriv datert 20.01.20 frå Nasjonalforeningen v/Meland helselag (vedlegg).

Ein viser og til vedtak i Eldrerådet (tidl. Meland kommune) sak 37/2019 datert 19.09.19 (vedlegg).

Saksopplysninger:

Saka gjeld eit testament oppretta 09.03.09 av Malvin Hylland 5918 Frekhaug. Meland helselag arva her midlar til føremål om trivselstiltak for eldre og funksjonshemma.

Midlane vert disponert av ein komite samansett etter testators vilje, med 2 representantar frå Eldreråd og 2 representantar frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne samt 1 representant frå Meland helselag.

Etablering av Alver kommune gjev at ein må velje nye representantar til «Trivselskomiteen»:

2 frå Eldreråd

2 frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Råda tek sjølv stilling til om ein skal peike ut vararepresentant.